

**KONTROLLUTVALET I
FJORD KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 5. februar 2020

Møtestad: Rådhuset i Fjord kommune, Valldalen, kl. 10.00

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Gudmund Relling, Solveig Linge Stakkestad, Nina Grøndahl og Tanja Mathiesen.

= 5 voterande

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Knut Gunnar Alnes og oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram. Frå administrasjonen møtte administrasjonsjef Karl Andre Birkhol. Ordførar Eva Hove deltok på møtet.

Sak 01/20 Møtebøker frå siste møta i Norddal kontrollutval og Stordal kontrollutval.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. januar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebøkene blir tekne til vitande.

Sak 02/20 Oppgaver for kontrollutvalet. Oversikt over sakstypar, årshjul og generell informasjon om arbeidet i kontrollutvalet.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. januar 2020

Sekretariatsleiar Bjørn Tømmerdal ga utvalet ei orientering om arbeidet i kontrollutvalet og medlemmane fekk høve til å stille spørsmål.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Fjord kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Sak 03/20 Rapportering til kontrollutvalet om årsrekneskapen 2019.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. januar 2020

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram kommenterte presentasjonen som låg ved sakspapira.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Fjord kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Sak 04/20 Årsrapport 2019 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap for Norddal kommune og skatterekneskap for Stordal kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. januar 2020

Jonas Falch fremma på vegne av utvalet eit nytt punkt 2:

Fjord kontrollutval vil følgje med på spørsmålet om arbeidsgjevarkontroll når staten tek over skatteinnkrevjinga.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til vitande.
2. Fjord kontrollutval vil følgje med på spørsmålet om arbeidsgjevarkontroll når staten tek over skatteinnkrevjinga.

Sak 05/20 Møteplan for Fjord kontrollutval 2020.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. januar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

onsdag 5. februar, måndag 30. mars, torsdag 14. mai, måndag 7. september, tysdag 24. november, alle dagar kl. 10.00

Eventuelt:

Administrasjonssjef Karl Andre Birkhol gav utvalet ei oppdatering kring registrering av personar med psykisk utviklingshemming i kommuna. Han delte ut eit rundskriv frå departementet som forklara nærare rutinane.

Leiar Jonas Falch tok opp spørsmål om kommunas praktisering av offentlege anskaffingar og tenester knytt til eit særskilt høve. Administrasjonssjefen svarte på spørsmålet og bad om at ein får slike henvendingar skriftleg via sekretariatet for framtida.

På neste møte ønskjer kontrollutvalet ei liste over dei selskap som Fjord kommune har eigerdel i eller eig hundre prosent. Dette som grunnlag for det vidare arbeidet med eigarskapskontroll. Sekretariatet formidlar bestillinga vidare til administrasjonssjefen.

Møte var slutt kl. 11.30

Jonas Falch	Solveig Linge Stakkestad	Gudmund Relling
Leiar	Nestleiar	Medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)

Nina Grøndahl	Tanja Mathiesen
Medlem	Medlem
(sign.)	(sign.)